



Asgeir Kvamme  
Skarsvegen 185  
5911 ALVERSUND

Unnateke off.  
-

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1818 - 14/26078

Saksbehandlar:  
Eli Bjørklid  
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:  
20.11.2014

## Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket - gbnr141/3 Kvamme.

### Dokument:

Søknad om tilskot motteke 26.09.2012  
Kostnadsoverslag  
Kart  
Bilde.

### Søknaden:

Søknaden kom inn i 2012, men nådde ikkje opp ved handsaming i 2013. Det vart sendt brev datert 25.11.2013 der det står at søknaden vert teke opp til ny vurdering ved neste søknadsomgang.

Det vert søkt om midlar over SMIL ordninga til å sette opp gjerde rundt 38da delvis fulldyrka areal og delvis tidlegare beite. Areala skal nyttast til slått og beite.

### Drift:

Søkar driv garden med sau.

### Vurdering:

Kommunen sine tilskotsmidlar til spesielle miljøtiltak i jordbruket er avgrensa i høve til søknadsmengda. Dette tilseier at det er naudsynt med streng prioritering mellom dei søknadane som kjem inn. Like eins når det gjeld tildeling av midlar til det einkilde prosjektet, så har vi normalt ikkje gått over 50% tilskot.

Søknaden er handsama etter «*Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket*» og kommunen sin strategi for SMIL og NMSK for perioden 2012 – 2016.

Tiltaket ligg på Kvamme i eit område med sær fint kulturlandskap både på Kvamme og vidare mot Erstad. 38 da innmark og beite ligg på to forskjellige eigedommar som no skal nyttast saman.

I kostnadsoverslaget er teke utgifter til oppsetting av 900 meter gjerde. Samla kostnad er kr.62950,-. 50% tilskot vert kr.31500,-.

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



**VEDTAK:**

Søknaden er handsama etter §8 i forskrifta og det er løyvt inntil kr.31500,- til dette prosjektet.

Beløpet er eit eingongstilskot, og vert betalt ut på bakgrunn av farmlagt dokumentasjon som syner utgifter til materialar og medgått arbeidstid.

**Mynde:**

Søknaden er handsama og avgjort av Areal- og miljøavdelinga i høve til delegert mynde.

**Klagerett:**

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen du fekk vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut.

**Generelt om løyvingar frå SMIL:**

- *Fristen for gjennomføring av tiltaket er 3 år, men de kan søkja om utsetjing av arbeidsfristen ut i frå grunngjeving, seinast 1 månad før fristen går ut. Løyvd tilskot kan trekkast heilt eller delvis tilbake, dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga, jf. § 10.*
- *Når det gjeld skjøtsel/inngjerding av gamal kulturmark, er det eit krav i forskrifta at arealet skal nyttast til slått/beite i inntil 10 år etter at tiltaket er gjennomført. På stader med urterik kulturmark skal ein vere varsam med gjødsling, då dette er viktig for å ta vare på breidda i artsmangfaldet. På vanleg grasmark er kalking og gjødsling viktig for å utvikle og ta vare på ein godt grasdekke. Ein bør legge vekt på god nedbeiting.*

**Utbetaling av tilskot:**

- *Eingongstilskot vert utbetalt når tiltaket er gjennomført.*
- *Er tilskotet over kr.10000,- kan ein gjere delutbetaling av inntil 75% av innvilga tilskot når tilsvarande arbeid er gjort.*
- *Resten av tilskotet vert utbetalt når tiltaket er avslutta.*
- *I søknaden om sluttutbetaling skal det leggest ved rekneskap med timelister for eige og leigd arbeid, fakturaer for innkjøpte materialar og gjerne fotodokumentasjon.*
- *Til utbetaling vil konto **3632 08 02371** bli brukt. Søkjar pliktar å informere skriftleg om endring av kontonummer.*

**Kommunen si rolle i gjennomføring av tilskotsordninga:**

- *Kommunen gjer vedtak og sender søknaden vidare til Landbruksavdelinga hjå fylkesmannen*
- *Førespurnad om utbetaling skal rettast til kommunen.*
- *Søknad om utsett arbeidsfrist skal rettast til kommunen. Søknad om utsett frist bør komme til kommunen helst innan ein månad før fristen for gjennomføring av arbeidet går ut.*

**Kontroll:**

- *Kommunen tek synfaring og godkjenner at arbeidet er gjort etter planen*
- *Fylkesmannen kan foreta synfaring på ferdig tiltak. Det vert varsla på førehand dersom fylkesmannen kjem på synfaring.*
- *Kommunen, Fylkesmannen eller Riksrevisjonen kan krevje nødvendige opplysningar og kontrollere at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føresetnadane, jf. §9.*

**Vilkår:**

*Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnaden for ordninga, jf. §10.*

Med helsing

Nils Kaalaas  
fagleiar

**Mottakarar:**  
Asgeir Kvamme

Skarsvegen 185 5911

ALVERSUND